



ei bordplate og inneheld forutan dei variasjonane med **f** og vokalruner som interesserer oss her, ein *fupork* med 19 runer (line b) og ein serie på åtte tre-runerskombinasjonar der første rune er substituert i omgjevnaden **-at: fatatratkatnatpatbatmat** (line c). Line a av innskrifta er lesen slik av Liestøl (jf. Beverfjord 1987: 101) *..nam ek þetta..fefufafø*. Parallellen med innskrifta frå Trondheim er her påfallande, og konteksten for desse kombinasjonane kan då tyda på at dette er remser eller regler som er innlærte av ein eller annan grunn. Innskrifta kan såleis vera av same slag som vi synest å ha i N824 nedanfor. Om vi les r. 12 her som **i**, kan vi likevel kanskje oppfatta innskrifta annleis og mindre 'magisk'. I tilfelle siste rune skal vera **i**, får vi ein 'sirkulær' variasjon over **f** og rune for vokal. Det vil seia at sekvensen opnar og sluttar med same kombinasjon. Det er då ikkje heilt utenkjeleg at innskrifta rett og slett er meint å vera ein onomatopoetisk leik der poenget er å freista gi att den svirrande lyden gjenstanden, svinghjulet for ein handtein, gjev frå seg under arbeid. Den første sekvensen [fi:] kjem att til slutt, og dermed kan det heile starta oppatt og gjentakast omatt og omatt på same måte som det svirrande hjulet. I så fall har innskrifta her kanskje òg ein parallell i N492 (Nidaros domkrk. XXIV). Der finn vi på likande vis ein sekvens med variasjon over **r** og ulike runer for vokal:

**reruririrrærøry**. Dersom det er så at den sekvensen er å sjå som ein variasjon over mellomalderens heksakord *ul re* osv., slik NIyR gjer framlegg om, vil det kanskje òg vera lettare å sjå innskrifta på svinghjulet som leik med lyd.

Det tilfelle at desse kombinasjonane med **f** og rune for vokal skal oppfattast som ei skriveøving, kan vel heller ikkje heilt utelukkast. Men gjenstanden innskrifta står på, synest ikkje å vera det mest lettvinte å ta til for eit slikt føremål og kan såleis verka mindre rimeleg i dette tilfellet. Det må likevel nemnast her at Seim (1991: 124ff) har sett på denne innskrifta saman med innskrifta frå Brørs (rett nok utan å ta omsyn til Beverfjords lesing), N492 og tre frå Bryggen i Bergen (B100, B546 og B647) og drøfta spørsmålet om innskriftene har noko samband med dei syllabariar som elles er kjende frå mellomalderen. Hennar konklusjon er at same kva funksjon den einskilde innskrifta av dette slaget har hatt, synest det sannsynleg at sjølve idéen med slike stavingsrekkje stammar frå skoleopplæring og såleis har eit samband med syllabaria i den latinskspråklege skole. Ho meiner òg at skriveøving er eit "rimelig forslag til forklaring der ikke noe annet taler imot den" (Seim 1991: 134). Noka endeleg og utvitydig svar på kva det eigentleg er for innskrift vi har å gjera med her, synest det såleis ikkje råd å finna.